



Det Kongelige Fiskeri- og Kystdepartement

Att.: saksbehandler Christopher Grøvdal Rønbeck

Høringsuttalelse: Forslag til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbøgeaure i sjøvatn 2009

NIFES er FKD sin kunnskapsinstitusjon innen forskingsområda ernæring av fisk, produksjon av sunn og trygg sjømat, samt overvaking av ville og oppdretta arter og deira innhald av miljøgifter og næringsstoff.

I det forslaget som er sendt på høyring kan ikkje NIFES sjå nokon problem som vil kunne påverke tryggleiken for fiskens ernæringsmessige tilstand, som igjen er viktig i forhold til motstandskraft mot sjukdom som PD (nevnt i dokumentet), eller andre høve som kan påverke sjømattryggleik eller næringsstoffinnhald i det ferdige produkt.

Vi ynskjer likevel å minne på at lokalitetens bærekraft og miljø vil vera viktig i forhold til produksjon av ein sunn og trygg fisk (matvaretryggleik).

På dei direkte spørsmåla stilla side 2, om antall løyve, meiner NIFES at så lenge dette er vurdert fagleg av den rette kunnskapsinstitusjon (her Havforskningsinstituttet), synes antallet fornuftig.

Det synes også fornuftig å ta med i kriteria andre samfunnsmessige gevinstar som nevnt under punkt 3.4.3.. Likeså krava stilte til økologiske løyve.

Som ein siste kommentar når det gjeld flytting av ansvar frå dagens kompetanseinstitusjonar (Fiskeridirektoratet og Mattilsynet) er det særskilt viktig at den som tek over innehar samme faglige tyngde slik at tildelingane vert kunnskapsbaserte.

Med venleg helsing

Gro-Ingunn Hemre
Forskningssjef